

## Søkarar til stilling som kommunedirektør/rådmann i Tokke

Seks personar har søkt på stillinga som rådmann i Tokke. To av søkerane er busett i Vest-Telemark. Det er fem menn og ei dame som søker stillinga.

Ordførar Jarand Felland er godt nøgd med søkerlista. Stillinga som rådmann i Tokke er ei av dei mest spennande stillingane innanfor offentleg sektor i vår region.

Eit tilsetjingsutval vil no kalle aktuelle søkerar inn til intervju og deretter kome med ei innstilling. I tilsetjingsutvalet sit ordførar Jarand Felland, gruppeleiar for posisjonen Thor Arne Heggtveit, leiar for opposisjonen Hilde Alice Vågslid og hovudtillitsvald frå Fagforbundet Hanne Karin Berglie.

Den endelege tilsetjinga blir gjort av kommunestyret.

Søkerlista er som følgjer:

Namn	Alder	Kjønn	Yrke	Bukommune
Frank Steinsvik	51	Mann	Kyrkjeverje, Flesberg og Rollag kommunar	Notodden
Åge Verpe	52	Mann	Teknisk sjef, Vinje kommune	Tokke
Unnateke offentlegheit		Kvinne		
Unnateke offentlegheit		Mann		
Finn Arne Askje	52	Mann	Kommunalsjef oppvekst, men for tida konstituert rådmann i Tokke	Tokke
Bent Charles Nesse	51	Mann	Innkjøpssjef, Kristiansand kommune	Kristiansand